

INFORMASJON OSTERØY PÅ TVERS 3.6.2023

Bli med på årets nye utfordring i Osterøy-naturen; «Osterøy på tvers» laurdag 3. juni. Fjelløpet startar i den vakre Bruvik-bygda på kaien klokka 9 om morgonen og går 21,1 km over fjella til Hosanger og målgang ved Mjøsvangen Landhandleri (<https://www.facebook.com/hosanger>).

Her blir det «Osterøy på tvers-meny», premieutdeling og sosialt samvere for deltakarar og publikum. Turen blir ein spennande kraftprøve i vakker natur uansett om ein går eller spring. Det er stor interesse for arrangementet, så ikkje gå glipp av denne opplevinga. Meld deg på alt i dag, så har du målet i sikte!

Påmelding:

Det er enklast viss flest mogeleg melder seg på EQ Timing (<https://live.eqtiming.com/67165#dashboard>) i god tid, men du kan også melda deg på ved start. Det er både turklasse og konkurranseklasse med vanleg aldersinndeling. Det blir premiering til alle klassevinnarane i konkurranseklassen og i turklassen blir det trekt ut premiar på startnummer.

Slit du med påmeldinga? Ta kontakt med arrangøren, så fiksar me det.

Løypa:

Løypa er ein halvmaraton (21,1 km) og går i hovudsak på sti. Det er ei tøff og variert løype med 1669 høgdemeter. Løypa blir godt merka med synlege merkeband i alle stikryss og der det er fare for å ta feil veg.

Løypa: Bruvik kai – gamlevegen opp på Brøkdalen – stien til Borgasetra tar av eit stykke før Båtaleitet – sti vidare til Njåstad – beint opp frå Njåstad på grus og sti ned att til Kallekleiv, asfaltveg forbi Myking til Turdalen – sti til toppen Tveitafjellet 556 moh – fin fjellsti før litt bratt skogsterreng ned til Åsheim – gamlevegen på skogssti og asfalt ned mot Hosanger Montesorriskule – grusveg og asfalt til mål ved Mjøsvangen Landhandleri. Dei i turklassen som ønskjer ein litt kortare tur, kan starta på Båtaleitet etter registrering på Bruvik.

Løypekart: ([stravalink](https://www.strava.com/routes/3091651881001220108)) <https://www.strava.com/routes/3091651881001220108>

(Takk til Vegard Magnussen)

Det vert sjølvstekt spor etter mange føter på stiane, men ut over det oppfordrar me deltakarane til mest mogeleg sporlaus ferdsel over fjella. Ta med deg boss eller kast det i søppelsekkane ved drikkestasjonane eller ved mål.

Drikkestasjonar:

Borgasetra, Njåstad og Turdalen.

For dei i turklassen kan det løna seg å ha med ein liten sekk med drikke og nistepakke.

Startkontingent: + lisens

Konkurranseklasse kr 200

Turklasse kr 200

Born u/16 år kr 100

50 % av startkontingenten går til Kreftforeininga.

Transport:

Det er sett opp ein buss frå Hosanger klokka 08.00. Den passerer Lonevåg 08.15 og Kvisti 08.30. Påmelding transport på SMS 952 20 456 (Øystein Øvsthus) eller 456 02 908 (Bjarte Vik) innan 1. juni (kr 100). Sørg for å bestilla transport i god tid. Det blir truleg fullt i bussen!

For dei som set bilen att på Bruvik, vil me tru det ordnar seg med skyss tilbake med andre deltakarar. Arrangøren vil oppmoda til samkøyring.

Bagasjetransport:

Det blir organisert transport av tøy og bagasje frå start til målområdet.

Sikkerheit:

Det er viktig å sko og kle seg etter vêrforholda. Arrangøren tilrår sekk med ekstra tøy og mobiltelefon i vasstett pose for å melda frå om uhell undervegs. Me kjem tilbake med eventuell utfyllande informasjon kring sikkerheita når me ser korleis vêrforholda blir.

Deltakarar spesielt i konkurranseklassen må vera merksame på at det er litt bratte parti ned frå Tveitafjellet – så her må ein avpassa farten etter forholda.

Arrangørar:

«Osterøy på tvers» er eit samarbeidsprosjekt mellom fire idrettslag: Osterøy, Mjøsvalen, Fotlandsvåg og Bruvik. Ved spørsmål: kontakt Bjarte Vik (bjartevik30@hotmail.com, 456 02 908) eller Øystein Øvsthus (oystein@mjosmetall.no, 952 20 456).

Nettsider og Facebook:

Oppdatert informasjon om arrangementet vert lagt ut på arrangementsida Osterøy på tvers

(<http://osteroyil.no/?mapping=825>)

og på denne hendinga på Facebook.